



Statens vegvesen

Meland kommune
postmottak@meland.kommune.no

Tore Johan Erstad

Behandlande eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Marianne Skulstad / 55516253	Vår referanse: 16/20396-3	Dykkar referanse: 15/2726 – 16/1943	Vår dato: 01.03.2016
------------------------------------	--	------------------------------	--	-------------------------

Utvida bruk av avkøyrslø – gnr. 1 bnr. 169 – Flatøy i Meland kommune

Vi viser til brev mottatt 03.02.2016 om vurdering av trong for løyve til utvida bruk av avkøyrslø for eigedom gnr. 1 bnr. 169 på Flatøy i Meland kommune. Saka gjeld riving av einebustad og bygging av bustad med 3 husvære på eigedomen.

Avkøyrslø

Dagens avkøyrslø til eigedomen er ikkje bygd i henhold til gjeldande reguleringsplan. Etter vår vurdering må det søkast om planendring (jf. pbl. §12–14) eller dispensasjon (jf. pbl. §19–1) frå gjeldande reguleringsplan (jf. pbl. § 12–4 fyrste til tredje avsnitt), dersom ein ønsker å knytte fleire bueiningar til avkøyrslø som ikkje er i samsvar med plan.

Oppstart av reguleringsarbeid

Statens vegvesen starter i desse dagar opp arbeid med reguleringsplan for kollektivknutepunkt på Flatøy. Status for arbeidet er at vi nylig har søkt om dispensasjon frå krav til områderegulering, for å starte detaljregulering. Reguleringsarbeidet vil òg omfatte hovudtrase for gåande og syklande frå Flatøy nord mot Krossnessundbrua. Vedlagt er forslag til plangrense for arbeidet. Som kartet viser, er avkøyrslø til eigedom gbnr. 1/169 innanfor grensa for planarbeidet. Eventuell endra tilkomst til eigedomen vil såleis kunne verte avklara i dette planarbeidet.

Førehandsuttale

Eigedomen har tilkomst frå gang- og sykkelveg. Gang- og sykkelvegen går gjennom ein kulvert med dårleg kurvatur ut frå dagens krav. Av omsyn til tryggleiken for dei mjuke trafikantane i området vil det difor være svært uheldig om det vert økt køyring på denne traseen. Dette kjem òg frem i Rammeplan for avkøyrslø og byggjegranser, kap. 12.1, der det mellom anna står «Bruk av gang- og sykkelveg til køyring ved nyetableringar skal ikkje finne stad.» Dette gjeld òg ved fortetting.

Dei nasjonale målsetningane for transport er at mykje av trafikkveksten skal skje med kollektiv, sykkel og gange. Dette området på Flatøy vil vere svært viktig i denne samanheng, då det er eit regionalt knutepunkt for kollektiv. Tilbodet for syklande og gåande fram til dette knutepunktet må difor tilleggas stor vekt, og ein auke i køyringa på traseen vil vere i strid med desse føringane.

Statens vegvesen rår ifrå at kommunen gir dispensasjon frå reguleringsplanen for å auke talet på husvære på eigedomen. Dette bør òg kome fram av dei bygningsmessige løysingane i prosjektet, slik at bygningen ikkje vert tilrettelagt for fleire einingar.

Statens vegvesen ber om å få ein eventuell dispensasjon tilsendt for klagevurdering.

Plan og forvaltning – Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

